

## **Landsmøte 2016**

### **Sak 9.4 forslag til vedtektsendring som følge av navne-endering**

Styret fremmer følgende forslag til landsmøtet:

*Som følge av landsmøtevedtak om at Landslaget for lokal- og privatarkiv bytter navn til Norges Arkivforbund endres navnet på organisasjonen i alle vedtektsparagrafene, §§ 1-16.*

#### **§ 1 Føremål**

Norges Arkivforbund sitt føremål er å fremje vern og formidling av kommunalt og privat arkivtilfang i Noreg og heve det faglege nivået på dette arbeidet.

#### **§ 2 Arbeidsmåtar**

- a) Norges Arkivforbund skal oppmuntre til lik praksis når det gjeld å verne og registrere arkivalia.
- b) Norges Arkivforbund skal halde seg orientert om arbeidet innan fagfeltet og oppsummere dette jamleg for medlemene.
- c) Norges Arkivforbund skal nå desse måla gjennom kurs, seminar, møter, kontakt med organisasjonar i og utanfor Noreg med tilsvarande målsetjingar, medlemsblad, kontakt med departement og offentlege fagorgan, faglege uttaler og deltaking i den offentlege debatten.

#### **§ 3 Medlemskap**

Desse kan vere medlemmer i Norges Arkivforbund:

- a) Fullt medlemskap: Offentlege og ikkje-offentlege institusjonar, verksemder, organisasjonar og foreiningar som arbeider med vern og formidling av kommunale og private arkiv.
- b) Personleg medlemskap: Fagleg tilsette ved institusjonar som er fullt medlem av Norges Arkivforbund eller andre som av fagleg oppnemning eller som av andre årsaker ynskjer å støtte Norges Arkivforbund sitt arbeid for lokal- og privatarkiv.
- c) Assosiert medlemskap: Offentlege og ikkje-offentlege institusjonar, verksemder, organisasjonar og foreiningar som ikkje har arkiv som

arbeidsområde.

Personlege og assosierte medlemmer har ikkje røysterett på landsmøtet, men har elles fulle medlemsrettar.

Styret i Norges Arkivforbund skal godkjenne søknad om medlemskap.

#### **§ 4 Landsmøtet**

Landsmøtet er høgaste organ i Norges Arkivforbund.

Røysterett på landsmøtet har ein representant frå kvar institusjon med fullt medlemskap. Personlege medlemmer og representantar frå assosierte medlemmer har ikkje røysterett på landsmøtet, men kan veljast til verv i Norges Arkivforbund. Medlem eller varamedlem til styret har ikkje røysterett på landsmøtet.

#### **§ 5 Innkalling til landsmøte**

Varsel om ordinært landsmøte skal sendast til medlemene minst 60 dagar på førehand. Landsmøtet skal haldast innan juni månad.

Saker som skal fremjast for landsmøtet må vere styret i hende minst 30 dagar på førehand.

Innkalling til landsmøte skal sendast ut minst 21 dagar på førehand. Med innkallinga skal det følgje årsmelding, revidert rekneskap, framlegg til budsjett, handlingsplan, valkomitéen si innstilling, eventuelle framlegg frå styret og styret si innstilling i saker fremja av medlemmer.

#### **§ 6 Landsmøtet sine forhandlingar**

Landsmøtet skal handsame følgjande saker:

1. Konstituering: Val av møteleiar, referent og representantar til å underskrive protokollen frå møtet.
2. Årsmelding
3. Revidert rekneskap
4. Fastsetjing av kontingent
5. Budsjett
6. Handlingsplan
7. Val av styre
8. Val av valkomité på tre medlemmer etter framlegg frå styret.
9. Framlegg fremja av medlemmer eller av styret.

Landsmøtet kan berre handsame saker som er varsla i innkallinga. Vedtak på landsmøtet blir gjort med alminneleg fleirtal, med unntak av framlegg om vedtektsendringar og oppløysing av organisasjonen (jfr §§ 13 – 14).

### **§ 7 Ekstraordinært landsmøte**

Ekstraordinært landsmøte skal kallast inn når 1/3 av medlemene krev det eller etter vedtak i styret. Innkalling skal skje med minst 21 dagars varsel.

Ekstraordinært landsmøte kan berre handsame den saka som er årsak til møtet.

### **§ 8 Styret si samansetjing og valprosedyre**

Styret skal totalt ha sju medlemmer og to varamedlemmer. Landsmøtet vel først leiar og deretter seks styremedlemmer etter framlegg frå valkomitéen. Norges Arkivforbund sitt styre skal til eikvar tid bestå av representantar frå kommune- og privatarkivsektoren, som skal ta ansvar for arbeid og problemstillingar som særleg rettar seg mot desse sektorene. Desse representantane erstattar dei tidligegare fagseksjonane. Ved behov kan andre ressurspersonar blant medlemene trekkast inn i dette arbeidet. Styreleiaren blir vald for to år. Styremedlemene blir valde for to år, slik at tre styremedlemmer står på val kvart år. Varamedlemene blir valde for eitt år. Riksarkivaren og Kulturrådet kan oppnemne ein observatør til styret med tale og forslagsrett.

### **§ 9 Styret sine fullmakter**

Styret er det høgste organet i Norges Arkivforbund mellom landsmøta.

Styret konstituerer seg med nestleiar og eventuelle andre styreverv.

Styret arbeider på grunnlag av dei vedtaka som er gjort på landsmøtet. Styret har likevel fullmakt til å uttale seg om saker som ikkje er handsama på landsmøtet. Styret kan gjere endringar i Norges Arkivforbund sitt budsjett når desse ikkje går ut over den budsjetttramma som er fastsett av landsmøtet.

Styret tilset Norges Arkivforbund sitt personale og har arbeidsgivaransvaret for dei som er tilsette i organisasjonen.

Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer er til stades, inkludert møtande varamedlemmer. Styret gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Ved røysteliskap tel leiaren si røyst dobbelt.

## **§ 10 Styret sine møte**

Styremøte skal kallast inn med minst sju dagars varsel. Innkallinga skal innehalde saksliste for møtet.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Styremedlemer har møteplikt på styremøta. Varamedlemer vert innkalla om naudsynt.

## **§ 11 Arbeidsutval**

Norges Arkivforbund sitt arbeidsutval er samansett av leiar, nestleiar og organisasjonssekretær. Arbeidsutvalet er underlagt, og rapporterer til styret. Arbeidsutvalet sine fullmakter er avgrensa til den daglege drifta av organisasjonen og til arkivpolitiske utspel som ligg innanfor dei rammene som går fram av vedtak i styret og på landsmøtet.

## **§ 12 Fagseksjonar**

Norges Arkivforbund sitt landsmøte kan opprette fagseksjonar med spesielle formål. Landsmøtet vedtek formålsparagraf for fagseksjonane. Landsmøtet kan gjennom budsjettvedtak løyve økonomiske midlar til drifta av fagseksjonane. Fagseksjonane sin økonomi skal inngå i Norges Arkivforbund sitt rekneskap. Eitt medlem i Norges Arkivforbund har rett til å delta i fleire fagseksjonar. Fagseksjonane har fagmøtar etter Norges Arkivforbund sitt landsmøte.

## **§ 13 Organisasjonssekretær**

Styret tilset organisasjonssekretær for Norges Arkivforbund.

Organisasjonssekretæren er leiar for Norges Arkivforbund sitt sekretariat og skal arbeide i samsvar med instruks vedteke av styret.

## **§ 14 Rekneskap og revisjon**

Norges Arkivforbund sitt rekneskap skal førast i samsvar med rekneskapslova. Styret har plikt til å sjå til at det vert ført lovlege rekneskap og at det vert gjennomført revisjon av rekneskapet. Styret vedtar økonomireglement for Norges Arkivforbund.

Landsmøtet oppnemnar revisor.

## **§ 15 Vedtektsendringar**

Vedtak om endring av Norges Arkivforbunds sine vedtekter skal gjerast av

landsmøtet med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene kan fremjast av styret eller eit medlem i Norges Arkivforbund. Framlegg skal vere styret i hende seinast 30 dagar før landsmøtet, og skal sendast ut saman med styret si innstilling seinast 21 dagar før landsmøtet. Landsmøtet kan berre gjere vedtak om paragrafer som er omfatta av endringsframlegga.

### **§ 16 Oppløysing**

Vedtak om oppløysing av Norges Arkivforbund skal ha 2/3 fleirtal på to etterfølgjande landsmøte med minst åtte månaders mellomrom. Framlegg om oppløysing kan fremjast av styret eller eit medlem i Norges Arkivforbund. Framlegg skal vere styret i hende seinast 30 dagar før landsmøtet, og skal sendast ut saman med styret si innstilling seinast 21 dagar før det første landsmøtet.

Ved oppløysing blir Norges Arkivforbund sitt arkiv avlevert til Riksarkivet.

Vedteke på landsmøte 27.04.2004

Endring i §3b Medlemskap vedteke på landsmøte 19.04.2013

Endring i §8 Styret si samansetning og valprosedyre vedteke på landsmøte 18.03.2014

Namne-endring vedteke på landsmøtet 05.04.2016